



**DET KONGELEGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT**

*Statsråden*

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

17/2170-

13. desember 2019

## **Byvekstavtale for Bergensområdet - utbetaling av belønningsmidlar for 2019**

Eg viser til siste og avsluttande forhandlingsmøte for ny byvekstavtale for Bergensområdet 4. desember 2019. Etter møtet blei forslag til avtale overrekt Samferdselsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Forslaget skal no til lokalpolitisk behandling i kommunestyra i Alver, Askøy, Bjørnafjorden og Øygarden, i bystyret i Bergen og i fylkestinget i Vestland før det skal behandlast i regjeringa. Dette inneber at avtalen ikkje vil bli endeleg inngått i 2019.

I forslaget til ny avtale ligg det mellom anna ein auke i det statlege bidraget av belønningsmidlar. I 2019 har staten allereie utbetalt 200 mill. kr i belønningsmidlar som oppfølging av byvekstavtalen for Bergen som blei inngått i 2017. Samferdselsdepartementet vil be Statens vegvesen om å utbetale ytterlegare 104 mill. kr, slik at samla statleg bidrag i 2019 blir 304 mill. kr. Dette er i tråd med gjennomsnittleg årleg beløp i 2019-prisnivå i forslaget til ny avtale.

Samferdselsdepartementet legg til grunn at midlane blir nytta i tråd med det overordna målet i forslag til ny byvekstavtale for Bergensområdet, og at det blir rapportert på bruken av midlane til Statens vegvesen.

Eg tek atterhald om tilslutnad til forslaget til ny avtale i den lokalpolitiske behandlinga og frå regjeringa. Eg føreset at den lokalpolitiske behandlinga av forslaget er ferdig innan 1. april 2020. Dette omfattar også dei lokalpolitiske vedtaka om korleis bompengavtalen til regjeringspartia skal følgjast opp gjennom reduserte bompengar, reduserte billettprisar og prioriterte prosjektlister. Regjeringa vil ta endeleg stilling til avtaleforslaget når dette er vedteke lokalt, og eg ber difor om at arbeidet blir gitt høg prioritet. Dersom dette ikkje er på plass innan fristen, vil gjeldande byvekstavtale for Bergen for perioden 2017-2023 ligge til grunn fram til dette er på plass. Belønningsmidlane vil i så fall bli avkorta påfølgjande år.

Med helsing



Jon Georg Dale

Kopi

Fylkesmannen i Vestland

Jernbanedirektoratet

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Vegdirektoratet

Adresseliste

Askøy kommune

Bergen kommune

Fjell kommune

Lindås kommune

Os kommune - Hordaland

Vestland fylkeskommune

